



Felles

Fylkestingsprogram

Hedmark Senterparti og Oppland
Senterparti

2019-2023



Innhald

Alle i Hedmark og Oppland skal kunne leve gode og trygge liv – uansett kvar dei bur.....	2
Eit levande folkestyre	3
Samferdsel	4
Kultur, identitet og tilhøyrighet	6
Utdanning og læring - for framtida!	7
Helse, folkehelse og forebygging - <i>ein betre kvardag!</i>	9
Rovvilt	10
Naturressursar, næringsverksemd og arbeidsplassar	11
Klima og naturforvaltning	14

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Alle i Hedmark og Oppland skal kunne leve gode og trygge liv – uansett kvar dei bur.

Senterpartiet har lang erfaring med å skape arbeidsplassar og gode velferdstenester over heile landet. Tillit og samarbeid er kjenneteikn på den norske samfunnsmodellen. Dette har bidrege til å sikre det Norge vi er så glade i - eit land der alle får moglegheit til å leve eit liv dei sjølv ynskjer.

Senterpartiet vil bygge Norge og ta heile landet i bruk. Vi vil ha gode tenester over heile fylket. Vi vil sikre tilgang til breidband og offentleg kommunikasjon over heile fylket. Vi vil styrke vegnettet i heile Hedmark og Oppland. Vi vil gje ungdom og vaksne dei beste moglegheiter for læring og utdanning. Vi vil føre ein aktiv næringspolitikk, og vi vil skape arbeidsplassar, vekst og utvikling i heile fylket. Vi vil sikre ei heilheitleg samfunnsutvikling, og at beslutningar blir tekne så nær dei det gjeld som mogleg.

Senterpartiet trur på folk sin klokskap. Vi ynskjer ikkje at stadig færre skal styre stadig meir over stadig fleire. Eit sterkt Senterparti er den viktigaste krafta mot at regionreforma leier til sentralisering av Hedmark og Oppland. Senterpartiet vil samtidig stoppe den auka byråkratiseringa som mange arbeidsfolk kjenner er ei stor umyndiggjering av dei sjølv. Senterpartiet vil basere sin samfunnsmodell på tillit, framfor byråkrati og overdriven bruk av kontroll.

Senterpartiet i Oppland og Hedmark ynskjer å vere ei motkraft til Oslo-området sin dominans i norsk samfunnsniv. Det betyr at vi også meiner at mange av dei forvaltningsoppgåvene som i dag blir løyste av statlege direktorat og offentlege etatar, kan flyttast ut av Oslo-regionen og til våre område for å spreie både makt, kunnskap og busetjing.

Senterpartiet vil:

- Sikre at fleire avgjersler blir tekne nærare folk og folk sin kvardag gjennom overføring av oppgåver og pengar frå staten og fylkesmannen til kommunane og fylkeskommunane.
- Ha god beredskap i heile fylket, med naud- og forsvarsetatar som er til stades, organiserte for å sikre tryggleik og likeverd for folk uansett kvar dei bur.
- Bidra til aktiv næringsutvikling, levande kulturliv, god breidbandsdekning og kommunikasjon, samt best mogleg vidaregåande opplæring i Hedmark og Oppland.
- Vere eit tydeleg talerøyr mot statleg overstyring, sentralisering og byråkratisering for folk i Hedmark og Oppland.
- Sikre lokalt og nasjonalt eigarskap av norske ressursar - vi seier nei til sal av Norge!

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Eit levande folkestyre

Senterpartiet kjemper for eit levande folkestyre. Vi trur på folk sin klokskap, livserfaring og evne til å gjere gode val. Folk skal ha størst mogleg innverknad over eiga framtid, eige lokalsamfunn og landet dei lever i. Senterpartiet vil sikre at avgjersler skal takast nærast mogleg den det gjeld. Dette føreset desentralisering av makt og respekt for det lokale folkestyret.

Eit sterkt norsk folkestyre føreset ein godt fungerande nasjonalstat. Senterpartiet er imot å overføre myndigheit til overnasjonale organ, der norske veljarar ikkje lenger kan påverke kven dei blir styrte av. Senterpartiet er derfor mot norsk medlemskap i EU og EØS. Auka byråkrati og flytting av makt ut av Norge til EU undergrev sjølvrådetten, openheita og demokratiet i landet vårt. Den velfungerande norske modellen og det tillitsfulle samfunnet vårt må takast vare på.

Senterpartiet meiner byråkratiet må begrensa på alle nivå. Dei som fattar viktige avgjersler for folk sine liv, må stå til demokratisk ansvar og kunne skiftast ut ved val. For at oppgåvene skal kunne løysast så nære folk som mogleg, treng vi to forvaltningsnivå under det nasjonale – kommunar og fylkeskommunar. Fleire oppgåver som i dag blir løyste av staten, bør leggast til eit regionalt folkevalt nivå.

Senterpartiet vil:

- At eventuelle endringar av fylkes- og kommunestrukturen må skje frivillig og vere forankra i folkeavstemming. Ingen kommunar eller fylkeskommunar skal kunne slåast saman med bruk av tvang!
- Behalde fylkeskommunen og utvikle alle tre forvaltningsnivåa i Norge.
- Overføre oppgåver frå Fylkesmannen til folkevalde organ.
- Sørge for gode moglegheiter for medverknad og påverknad for innbyggjarane i heile fylket.

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Samferdsel

Senterpartiet vil ta initiativ til ein offensiv innanfor samferdsel for å knyte dei ulike regionane i Hedmark og Oppland saman. Med ca. 7000 km fylkesveg må det sikrast nok midlar til vedlikehald og opprusting for å ta att etterslepet.

Senterpartiet ynskjer ei satsing både på veg og bane, og full dekning for mobilnett og breidband. Gode kommunikasjonsårer er avgjerande for utviklinga og moglegheitene som Hedmark og Oppland har til å skape gode lokalsamfunn og arbeidsplassar. Det er eit overordna mål å få fleire til å gå, sykle eller køyre kollektivt, og derfor må det leggast til rette for det. Det må fortsatt vere mogleg økonomisk å velje bil som framkomstmiddel for dei som treng det.

Hedmark og Oppland er ein viktig transportkorridor for Norge. Senterpartiet vil jobbe aktivt med påverknad på Storting og regjering for samanhengande utbygging av hovudfartsårene gjennom fylket og mellom fylka. I eit klima- og utviklingsperspektiv må det satsast i større grad på jernbaneutbygging.

Senterpartiet vil:

- Sikre alle i Hedmark og Oppland tilgang på breidband ved å auke bidraget til kommunane.
- Senterpartiet må sørge for offentlege tilskotsordningar for utbygging av mobilnett der kommersielle aktørar ikkje bygger.

Jernbane:

- Jobbe for tilstrekkeleg med terminalar for gods og tømmer, samt kryssingsspor for å stimulere til meir gods og fleire folk over på jernbanen.
- Krevje fullføring av InterCity-utbygginga.
- Jobbe for fleire togavgangar på Gjøvikbanen, Dovrebanen og Rørosbanen, og oppattaking av persontrafikk på Solørbanen.
- Vere pådrivar for statlege investeringsmidlar til elektrifisering av heile Røros- og Solørbanen, dobbeltspor frå Oslo til Jaren, opprusting av Kongsvingerbanen og på sikt knyte Gjøvikbanen saman med Dovrebanen.

Kollektivtilbod:

- Utvikle eit smidigare kollektivtilbod for både innbyggjarar og tilreisande med kollektivknutepunkt, som inneberer skysstasjonar med gode overgangar mellom buss og tog.
- Utvikle bestillingsruter for kollektivtransport i distrikta (KID).

Veg:

- Seie nei til innføring av nye bomstasjonar for å finansiere miljøtiltak rundt byane.
- Senterpartiet vil auke dei årlege rammene til investeringar i fylkesvegnettet i Oppland og Hedmark frå dagens 1,2 milliardar til 1,8 milliardar kroner fram mot 2022.
- Avgrense bruk av bompengar på sidevegar.
- Auke midlane til vedlikehald og rassikring av fylkesvegane, og prioritere viktige næringsmessige-, nasjonale og regionale turistvegstrekingar og fylkeskryssande vegar.
- Sette i gang tiltak for å opne fleire vegstrekingar for modulvogntog, noko som vil vere heilt avgjerande for kostnadseffektiv tømmertransport.
- Oppgradere tverrforbindingar i fylket.
- Krevje midlar til å halde fram med oppgradering av stamvegnettet gjennom Hedmark og Oppland.

- Ha gjennomgang av anbudssystem og driftskontraktar for å halde kontroll på kostnader, og i tillegg samarbeide med kommunane om drifta av lokale vegnett.

Trafikksikkerheit:

- Framleis halde trykk på gang- og sykkelveger med prioritering opp mot skular, barnehagar og idrettsanlegg.
- Halde fram det viktige trafikksikkerheitsarbeidet med forebygging av ulykker gjennom blant anna betre vegstandard, ulike trafikksikkerheitstiltak og haldningsskapande arbeid.
- At alle kommunar og fylkeskommunen skal bli "Trafikksikker kommune" i løpet av perioden.
- Styrke ordninga «Trygt heim» for ungdom.

Klima- og miljøtiltak:

- Arbeide for å ta i bruk miljøvennleg drivstoff og transportmiddel, samt infrastruktur for dette.
- At ny Mjøsbru blir bygd i tre og blir vurdert for både veg og jernbane.
- Ta initiativ til ein gå- og sykkelstrategi for Hedmark og Oppland, som leier fram til heilheitlege og langsiktige planar for gang- og sykkelvegnettet i alle regionar. Spesielt må det satsast på at fleire kan gå og sykle i byar, tettstader og langs skulevegen.
- Hovudnettet for gang- og sykkelveg skal vere tilgjengeleg og trygt for bruk av alle heile året.
- Sikre fleire hurtigladestasjonar for el-bilar i distrikta.

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Kultur, identitet og tilhørse

Kultur handlar om menneskeleg samhandling og eit mangfald av aktivitetar og uttrykk. Senterpartiet ynskjer desentraliserte kulturtilbod over heile fylket. Lokalkulturen er grunnmuren som all kultur bygger på, og breidda som det profesjonelle kan rekruttere og utvikle seg frå. Aktiviteten og samarbeidet i lokalsamfunna skapar både samhald og livsglede. Produksjonar, arrangement og opplevingar som styrker lokal identitet og stoltheit knyter folk saman. Vi treng arenaer og tiltak som støttar opp om dette over heile fylket, for å skape gode relasjonar, bygge identitet og gje grunnlag for næringsutvikling. Kulturarven viser kven vi var og er. Både den materielle og den immaterielle kulturarven må takast vare på og brukast aktivt. Kulturminne både i offentleg og privat eige må sikrast, og kulturminnevernet må styrkast. Rettleiings- og stønadsordningane må gje ei aktiv og mangfaldig kulturminneforvaltning i bygd og by. Språk er ein vesentleg del av den immaterielle kulturarven og kulturen. Det språklege mangfaldet i fylket, både nynorsk, bokmål, samisk og dialektar, må få gode bruks- og utviklingsmoglegheiter. Kultur er limet som knyter folk saman.

Senterpartiet vil:

- Jobbe for gode og fleksible stønadsordningar for kulturproduksjonar og arrangement, både etablerte og nye over heile fylket.
- Jobbe for å desentralisere meir av statlege kulturmidlar til fylka.
- Støtte opp om samarbeid mellom profesjonelle og amatørar.
- Arbeide for å legge til rette for kulturbaserte næringar.
- Redusere krava til rapportering og vise organisasjonane tillit i forvaltninga av tilskot.
- Vidareutvikle musea som kulturarenaer og kulturformidlarar.
- Behalde bygningsvernrådsgjevarane ute på musea i regionane.
- Styrke biblioteka som gratis møteplass og kulturarena.
- Satse på ordningar for formidling av nynorske barne- og ungdomsbøker.
- Støtte opp om frivillige lag og organisasjonar.
- Støtte opp om arenaer for breiddeaktivitet innan musikk, idrett og kultur.
- Sikre både nynorsk og bokmål som brukspråk i fylkeskommunen.
- Sikre betre universell utforming.
- Støtte og vidareutvikle regionen sine ur- og minoritetskulturar.

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Utdanning og læring - for framtida!

Kunnskap driv samfunnet framover. Senterpartiet ynskjer eit desentralisert utdanningstilbod i heile fylket. Dei vidaregåande skulane og utdanningsinstitusjonane skal kunne utnytte lokale og regionale fortrinn, og spele på lag med nærmiljøet. Skulen skal ta utgangspunkt i verdiar som likestilling, yringsfridom, demokrati, og vår kristne og humanistiske kulturarv. Skulen er ein kulturberar og ein sentral arena for danning og forståing av samfunn og miljø, samstundes må arbeidslivet sitt nåverande behov speglast i utdanningstilbodet.

Vidaregåande opplæring er ei av fylkeskommunen sine hovudoppgåver. Senterpartiet vil sikre høg og rett kvalitet i utdanninga gjennom tett samarbeid mellom elevar, føresette, kommunar, fylke, organisasjonar og næringsliv. Senterpartiet ynskjer ein skule som tar omsyn til den enkelte elev sine evner og interesser både teoretisk og praktisk. Dette bidreg til at flest mogleg gjennomfører vidaregåande opplæring. Vi treng fagarbeidarar i fagfelt vi kjenner i dag, og i fagfelt som enda ikkje er utvikla. Vi vil utvikle nye valfag og utdanningsprogram.

Senterpartiet ynskjer å legge til rette for livslang læring der ein gjev påfyll av kunnskap og moglegheit for vidareutvikling gjennom heile livet. Det er viktig at folk i alle aldersgrupper får tilbod om karriererettleiing, og dermed gode føresetnader for å ta informerte val om utdanning og arbeid.

Senterpartiet ynskjer å støtte opp om dei høgare utdanningsinstitusjonane vi har i fylket. Både fagskular, høgskular og universitet er viktige for å tilby innbyggjarane relevante utdanningar. Rekruttering til framtidsretta utdanningar og yrke er eit ansvar for både opplæringsinstitusjonane og næringslivet. I tillegg kan fylket bidra med utdanningstilbod som gagnar lokalsamfunn og næringsliv i heile fylket.

Eit godt tilbod i vidaregåande opplæring

Senterpartiet vil:

- Oppretthalde alle dei vidaregåande skulane vi har i Hedmark og Oppland i dag.
- Sikre alle elevar retten til å gå på ein vidaregåande skule nær seg.
- Sikre at det blir lagt til rette for at elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen lett kan halde fram med hovudmålet sitt etter overgang til vidaregåande skule.
- Sikre ei god og føreseieleg finansiering av dei vidaregåande skulane.
- Sikre god overgang frå grunnskule til vidaregåande skule.
- At alle elevar får årleg innkalling til rådgjevar gjennom vidaregåande skule, med ei innkalling kvart semester siste året.
- Arbeide for ei rådgjevings- og karriererettleiingsteneste som rustar elevane for utdanningsval og yrkesval.
- Gje bortebuande elevar i den vidaregåande skule trygge og gode forhold ved for eksempel ungdomskontaktar, internat, hybelkontakt eller liknande.
- Legge større delar av teoretisk køyreopplæring til vidaregåande skular.
- Førebygge og bekjempe mobbing.
- Gje elevane ansvar for og moglegheit til å bruke rom og utstyr også utanom skuletid.
- Gje meir påvernad til elevdemokratiet ved å involvere elevråd og Ungdommens Fylkesting i viktige avgjersler.
- Vidareutvikle vidaregåande skuletilbod for elevar og vaksne utan ungdomsrett.

- Gje meir praktisk retta opplæring til elevar som ynskjer det, mellom anna ved utplassering i arbeidslivet.
- Jobbe for å rekruttere fleire elevar til yrke der det i dag er mangel på faglærte.
- Førebygge fråfall og sikre oppfølging av elevar som ikkje består, ikkje fullfører eller sluttar vidaregåande opplæring.
- Sikre god skuleskyss til dei som treng det i heile fylket.
- Bygge eit sterkt lag rundt eleven, samansett av lærar, helsesjukepleiar, miljøarbeidar og rådgjevar.
- Gje alle elevar som ynskjer det, utveksling i utlandet.
- Ha alternativt framandspråk i form av teiknspråk og blindeskrift på ungdoms- og vidaregåande skule.
- Gjennom samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Hedmark og Oppland etablere fleire utdanningsløp innan høgare utdanning.
- Satse på digitalisering i skulen.
- Sikre at elevar som har byrja på eit utdanningsprogram, får moglegheit til å fullføre i løpet av normert tid, dersom utdanningsprogrammet skulle bli lagt ned.
- Satse på Ungt Entreprenørskap og elev- og ungdomsbedrifter.

Lærlingar

Senterpartiet vil:

- Gje betre kursing til rettleiarar for å sikre lærlingplassar med god kvalitet, og fagleg god oppfølging frå opplæringskontoret.
- Ha forpliktande samarbeid med kommunar og bedrifter for å auke tall på lærlingplassar, og auke talet på lærlingplassar i fylkeskommunen.
- Gje lærlingar studentrabatt på kollektivtrafikk.
- Opprette ein lærlingbank og ha mål om lærlingplass til alle kvalifiserte lærlingar.
- Sikre fleire elevar på yrkesfag moglegheit til alternative opplæringsløp.
- Lærlingar skal behalde elevstatus i lærlingtida, slik at dei har tilknytning til og rettigheter ved skulen.
- At alle større bedrifter som deltek i offentlege anbod frå fylkeskommunen har lærlingar.

Læring i eit langt perspektiv

Senterpartiet vil:

- Ha karriererettleiing og utdanningstilbod nær folk i heile fylket.
- Satse på etter- og vidareutdanning av pedagogisk personell i skulen.
- Styrke utdanningsmoglegheitene for vaksne gjennom eit tett og aktivt samarbeid mellom utdanningstilbydarane, karrieresentra, NAV, bedrifter og organisasjonar.
- Innføre tilskot til studieforbund og auke stønaden til Vaksenopplæringsforbundet.
- At fylkeskommunen saman med høgskule og universitet vidareutviklar tilbodet om desentralisert utdanning.
- Jobbe for fleire studieplassar ved Fagskolen Innlandet.
- Etablere eit fagsenter saman med jordbruket, skogbruket, deira interesse- og eigarorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar og andre relevante aktørar.
- Jobbe for at fleire tar fagbrev i bedrift.
- Legge til rette for praksisplassar for studiar i høgare utdanning.
- Støtte forskning og utvikling i bioøkonomi, for å få til det grønne skiftet.
- Arbeide for auka informasjon og kunnskap rundt landbrukspolitikken.

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Helse, folkehelse og førebygging - *ein betre kvardag!*

Senterpartiet ynskjer å prioritere førebygging. For mykje innsats blir retta mot reparasjon i dag. Vi vil satse på folkehelse gjennom tett samarbeid og samhandling mellom dei ulike helsetenestene og på tvers av fagfelt. Kommunane treng auka overføringar for å innfri det ansvaret lovverket pålegg. Andelen unge med psykiske plager er aukande. Fysisk aktivitet, variert kosthald og god livskvalitet er viktig. Nærleik til natur og friluftsliv bidreg til aktivitet og livsglede. Senterpartiet vil stimulere til auka bruk av naturen til rekreasjon, lågterskelaktivitetar og førebygging. Merking av stigar og løyper i lokalsamfunnet kan vere ein enkel måte å stimulere til auka fysisk aktivitet på.

Senterpartiet kjempar for folkevald styring av sjukehusa. Vi ynskjer ei ny finansiering, organisering og leiging. Vi meiner føretaksmodellen må avviklast. Offentleg eigarskap og leiging som er til stades er viktig. Styra bør vere valde og sette saman av folkevalde i fylkestinget. Desse skal styre innanfor rammene nedfelte av Stortinget i nasjonal helse- og sjukehusplan.

Helsetilbodet skal vere godt for innbygarane i heile fylket. Kravet til kvalitet i pasientbehandligna skal bli tilfredsstilt ved tilstrekkeleg og brei fagkompetanse, samarbeid på tvers av dei ulike fagområda, samt tidsriktig medisinsk og teknisk utstyr og bygg. Eit godt helsetilbod i heile Hedmark og Oppland er viktig for tryggleiken til alle innbygarane i fylket. Om akuttstjukehus for Innlandet blir liggande berre ved Mjøsa (eit stort ved Mjøsbrua og eit mindre på Lillehammer), er det naturleg at Åsnes og kanskje Våler kommunar får AHUS Kongsvinger som sitt akuttstjukehus.

Senterpartiet vil:

- Jobbe for god dekning og vidareutvikling av spesialisthelsetenester i heile fylket.
- Støtte statleg finansiering og utprøving av ulike modellar for samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesta .
- Arbeide for eit tilstrekkeleg tal på operative ambulansar med kort responstid, og god dekning av luftambulanse i heile fylket.
- Sikre og utvikle behandlings- og rehabiliteringstilbodet.
- Satse på førebyggjande psykisk helsearbeid.
- Ha eit godt tannhelsetilbod for alle innbygarane og stimulere til å få reguleringstannlegen «ut i fylket».
- Flytte verkemiddel for å følge opp folkehelseansvaret frå fylkesmannen til fylkeskommunen.
- Stimulere til fysisk aktivitet i kommunane.
- Satse på førebygging av narkotikabruk ved at politiet har god dialog med skulane og ungdomsmiljøa.

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Rovvilt

Hedmark og Oppland har store beiteressursar og eit aktivt landbruk. Å kunne bruke naturen i både fritids- og næringsssamanheng er viktig for innbyggerane våre. All rovviltforvaltning skal bygge på vitskapeleg og erfaringsbasert kunnskap. Det skal leggast vekt på regional og lokal forvaltning, respekt for eigedomsretten, samt livskvalitet og næringsgrunnlag for enkeltmenneska og lokalsamfunn.

Senterpartiet vil ha eigne bestandsmål for jerv, gaupe og bjørn, men ikkje for ulv. Desse artane må forvaltast på ein slik måte at ein opprettheld ein utstrakt bruk av utmarka i Norge, og da særleg beitebruk. Vi skal ikkje ha ynglande ulv i Norge, og gjennom det fjerne ulvesonen.

Senterpartiet ser det som sjølvsgatt at sittande regjeringar fylgjer opp Stortinget sin vedtekne politikk på området.

Senterpartiet vil:

- At rovvilt ikkje skal innskrenke beiteretten og annan bruk av utmarksressursane.
- Vere pådrivar for å innføre ein langt strengare rovviltpolitikk enn den som blir ført av dagens regjering.
- Ha heilhetleg områdeforvaltning over fylkesgrenser og eit betre samarbeid mellom forvaltningsorgana og rovviltnemndene, også på tvers av regionane.
- La grensebestandar av store rovdyr telje som norske dyr.
- Løyve meir midlar til skadeførebyggande tiltak, og ha uttak som førebyggande tiltak også før beitesesong.
- At det i beitesesongen skal vere ståande fellingsløyve på rovdyr innanfor rovdyrsikre beitegjerdje og på innmarksbeite.
- Lisensjakt skal effektiviserast og forenklast, og vedtekne kvotar må takast ut. Uttak av rovvilt er staten sitt ansvar og må skje på ein effektiv måte når fellingsløyve er gjeve. Det skal vere mogleg å bruke nødvendige ressursar, som hund, ljós, kamera, drone, scooter, helikopter o.l. Det må også vere lov å bruke laus, på drevet halsande hund.
- Syrgje for auka kunnskap om rovdyrpolitikken sine konsekvensar for reindriftsnæringa og sette i verk tiltak som reduserer rovviltkonfliktane i denne næringa.
- Vurdere uttak av ørn i område med tette bestandar og der tap og skadar på bufe og reinsdyr er dokumenterte.
- At dei som får tap som fylgje av rovdyrangrep skal få fullgod erstatning.
- Oppretthalde regionale rovviltnemnder og gje dei større myndigheit.
- Støtte kommunane i kartlegging og dokumentasjon av forhold som fell under Naturmangfoldlovens §18c. §18c opnar for jakt «for å ivareta allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning».

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Naturressursar, næringsverksemd og arbeidsplassar

Hedmark og Oppland er blant Norges viktigaste regionar når det gjeld fornybare naturressursar. Vi har også betydelege industrimiljø, og er ein stor eksportør av uforedla råvarer. Det betyr at vi har eit stort potensial for bioøkonomi og vi bør foredle meir av eigne ressursar for å skape eksportinntekter og arbeidsplassar i store og mindre miljø over heile fylket. Forvaltning av naturen til beste for framtidige generasjonar kombinert med auka produksjon og foredling av fornybare ressursar vil vere ein viktig del av løysinga på miljø- og klimautfordringane. Det er også viktig å behalde og få fleire statlege arbeidsplassar til Hedmark og Oppland, herunder å forsterke forsvaret sine anlegg og arbeidsplassar.

Næringsverksemd, energi og teknologi

Senterpartiet vil:

- Auke verdiskapinga basert på lokale ressursar.
- Arbeide for gode og langsiktige rammevilkår for næringslivet generelt.
- Bidra til å utvikle industri og produksjon, over heile fylket, med utgangspunkt i naturgjevne og kompetansemessige fordelar.
- Fremje nyetablering av bedrifter, blant anna med eige såkornfond og eit grønt investeringsfond for næringsutvikling.
- Stimulere til å utvikle og ta i bruk ny miljøvennleg teknologi med robotisering og automatisering, som grunnlag for ny effektiv industriutvikling og verdiskaping.
- Vidareutvikle biovarme og energifleksibilitet i oppvarming.
- Utvikle småskala energiproduksjon og energilagring.
- Sikre god kvalitet på forsyning av kraft, også i utkantstrok.
- Ved eventuelle nybygg i fylkeskommunal regi, skal desse byggast i tre.
- Stimulere til kraftig satsing på bruk av tre og utvikling av treeteknologi.
- Utvikle samarbeidet mellom utdanning og næringsliv om bedriftsretta utdanningar og kortare veg frå ide til produkt.
- Arbeide for kunnskapsparkar, næringshagar, næringsklynger og bransjenettverk.
- Arbeide for å oppretthalde differensiert arbeidsgjevaravgift som eit viktig distriktspolitisk verkemiddel, og arbeide for å vidareutvikle denne ordninga.
- Bidra til auka likestilling i næringslivet og til ein høgare andel kvinner i bedriftene sine styre.
- Satse på forskning, innovasjon og kompetanse og bidra til utviklinga av ny teknologi.
- Bidra til å marknadsføre Hedmark og Oppland som ein god arbeids-, bu- og serviceregion.
- Etablere eiga klynge som blir gjeven NCE-status innan cyber- og informasjonssikkerheit i samarbeid med aktørar som arbeider med dette.

Reiseliv

Senterpartiet vil:

- Betre tilskotsordningar til marknadsføring og utvikling av nye og eksisterande reiselivsprodukt og et berekraftig reiseliv.
- Utnytte Hedmark og Oppland sitt store potensial som reiselivsfylke, både nasjonalt og internasjonalt.

- Satse på kulturbasert næringsliv for å auke attraksjonsverdien for ulike destinasjonar.
- Styrke samarbeid og nettverksbygging innan reiselivet og destinasjonsarbeidet.
- Utvikle utdanningar for å sikre kvalitet og nyskaping i reiselivet.
- Satse på historiske viktige vandrerruter.
- Trekke nasjonale og internasjonale idrettsarrangement til Hedmark og Oppland, jobbe for Lillehammer OL 2030 med mest mogleg gjenbruk av anlegg.
- Legge til rette for auka turisme, som for eksempel sykkel- og skuterløyper og der det er eigna for det, som kan styrke grunnlaget for arbeidsplassar i desse områda.

Landbruk

Verdas matvaresituasjon viser at Hedmark og Oppland sine produktive landareal må utnyttast på ein berekraftig og klimatilpassa måte for auka produksjon av mat. Sikker tilgang på trygg mat er heilt avgjerande for vår nasjonale matvaresikkerheit. Det er dermed viktig at jord- og skogbruk blir sikra gode økonomiske og juridiske rammevilkår, og gode forskings- og utdanningsmoglegheiter.

Matproduksjon er berebelken innan jordbruk, og tilleggsnæringar utfyller ofte det tradisjonelle jordbruket ved at både garden og menneska sine ressursar blir betre utnytta.

Hedmark og Oppland har 30% av skogarealet og 40% av landet si avvirking av tømmer. Skogbruket sine ressursar bør utnyttast betre både for å gje større verdiskaping og for skogen og treforedlingsindustrien si betydning i klimasamanheng. Totalt tar dei norske skogane opp like mykje karbon som halvparten av dei norske klimagassutsleppa.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for auka matproduksjon over heile fylket, basert på norske ressursar og bidra til auka nasjonal sjølvforsyning.
- Bevare ein variert bruksstruktur i jordbruket, med både små og store bruk.
- Arbeide for eit restriktivt jordvern for dyrka og dyrkbar mark.
- Stimulere til og sikre beitebruk, også for å hindre attgroing.
- Satse på planteavl og sortsutvikling for auka matproduksjon i eit endra klima, utan bruk av genmodifisering.
- Oppretthalde forskning på fjellandbruk, og bidra til at det framleis blir utvikla sortsmateriale for høgareliggande strok.
- Innføre fondsordning for å jamne ut inntekter mellom gode og mindre gode år, og opne for skattefordelar ved tiltak for klimatilpasningar i jordbruket og ved nydyrking.
- At staten må ta eit større økonomisk ansvar for kulturminne og vern.
- Bidra til at landbruket blir meir sjølvforsynt med fornybar energi.
- At Innovasjon Norge også skal gjeve midlar til vatningsanlegg, korntørker, drenering og nydyrking.
- At innovasjon Norge gjev midlar til utbygging av både små og store bruk.
- Arbeide for reduksjon av antibiotikabruken i husdyrproduksjonen.
- Arbeide for kortreist mat, og for redusert matsvinn og kasting av mat.
- Legge til rette for auka avvirking av trevirke i heile Hedmark og Oppland, med tilhøyrande skogskjøtsel for å auke tilveksten og dermed bidra til å binde meir karbon.
- At treforedlingsindustrien blir sikra gode rammevilkår og utviklingsmoglegheiter.
- At fylkeskommunen som innkjøpar etterspør tre- og biobaserte produkt.
- Jobbe for at binding og lagring av karbon skal godtgjerast.
- Fylgje opp Hedmark og Oppland sin bioøkonomistrategi.

- At fylkeskommunen gjev innspel til både nasjonal og regional landbrukspolitikk.
- Gjennomføre forsøk med biokol som ein måte der ein kan lagre stabilt karbon i jorda, og samstundes bidra til å binde næringsstoff, betre jordstruktur og auke evna til å ta opp og halde på vatn.
- Arbeide for at garden og menneska sine ressursar blir utnytta i eit samfunnsperspektiv, med Inn på tunet-gardar og garden som ein arena for natur, kultur og helse.

Lokalt eigarskap og eigedomspolitik.

Senterpartiet vil:

- Verdiskaping i størst mogleg grad skal behaldast lokalt, gjennom samvirkebasert organisering, personleg- og lokalt eigarskap.
- At store vasskraftressursar og samfunnskritisk infrastruktur skal vere under offentleg eigarskap og demokratisk styring. Senterpartiet ønsker ikkje å selje ut eller fusjonere Eidsiva Energi.
- Vidareføre prisregulering av landbrukseigedommar for å fremje busetting og drift over heile fylket, og gjeninnføre priskontroll på reine skogeigedommar.
- At bu- og driveplikt etter konsesjonsloven blir oppretthalden og praktisert føreseieleg og likt.
- Behalde odelsloven.

Hedmark og Oppland SP 2019-2023

Klima og naturforvaltning

Naturressursane skal forvaltast slik at kommande generasjonar har minst like gode moglegheiter som det vi har i dag. God forvaltning og berekraftig bruk er beste naturvern, og auka produksjon av fornybare råvarer basert på lokale ressursar er ein viktig del av løysinga på klimautfordringane.

Hedmark og Oppland er rike på fornybare naturressursar. Gjennom å utnytte moglegheitene naturen gjev, kan vi redusere utslepp samstundes som vi aukar binding og lagring av karbon.

Senterpartiet vil:

- Sikre at Hedmark og Oppland kan handtere auka risiko for natur- og klimaskadar som flom-, storm-, flatebrannar, erosjons- og rassikring, spesielt knytte til liv og helse, samfunnskritisk infrastruktur og dyrka mark.
- Utvikle skjøtselsplanar for vassdraga, for å forenkle masseuttak og flomførebygging.
- Sikre god forvaltning av naturressursane. Langsiktig og berekraftig bruk er det beste naturvern.
- Sikre villreinen sitt leveområde.
- Ta vare på kulturlandskapet med truga artar som er avhengige av kulturlandskapet.
- Verne dyrka og dyrkbar mark mot nedbygging.
- Avgrense næringsstoff på avvegar, gjennom tilskot til presisjonsgjødsling.
- Erstatte fossilt karbon som olje, gass og kol, med fornybare råstoff frå jord- og skogbruk, og fornybar energi fra sol-, vind-, vasskraft og bioenergi innan 2030.
- Innføre eit karbontilskot for binding og lagring av karbon.
- Auke bygging i tre, for å lagre karbon og redusere utslepp frå sement- og stålproduksjon.
- Støtte grøn og berekraftig nærings- og industriutvikling.
- Gje solenergi og energilagring vilkår for lønnsemd ved produksjon til eige bruk og levering av overskotskraft på nettet.
- Arbeide for energisparing og støtte energisparetiltak.
- Bruke livsløpstankegang og auke andelen gjenvinning.
- Bidra til kunnskapsutvikling og folkeleg involvering om berekraftig samfunnsutvikling.
- Bidra til samordning, finansiering og gjennomføring av kommunane sitt klima- og miljøarbeid.
- Bidra til gode kompetansehevingstiltak og undervisningstilbod for lærarar og elevar i vidaregåande opplæring innan klima og miljø, når læreplanar skal fornyast i 2020.
- Bidra til grenseoverskridande samarbeid, spesielt i Norden.
- Redusere støyplager i byar og tettstader.